



\* Susanne Skare (16) og Mukta Sofie Midtflø (19) har øvd ei veke på voltige, og synest det var skummelt å opptre for publikum. Men under kunnig leiing av longør Liv Jorunn Nyhagen og hennar hest Pokemann, gjekk det rett bra.

# Hest er best – ingen protest



\* Barneriding var eit populært tilbod.



\* Linnea Eikrem (8) synest det er kjekt med hest, og synest slett ikkje det er skummelt å sitje oppå dølahoppa Svarta (18).

Volda rideklubb inviterte til eit variert program søndag, noko som fall i smak hjå både små og store tilskodarar.

Vêrgudane såg ut til å vere på rideklubben si side, det heldt seg regnfritt sjølv om det blåste bra då litt

over seksti tilskodarar møtte fram for å få sjå rideshow og vere med på baneriding. Mellom ingrediensane på rideshowet, var speilriding, gymkhana (leik til hest) og maratonkøyring. Og ikkje minst: Voltige.

## Ei veke trening

To av dei som framførte program, var Susanne Skare (16) og Mukta Sofie Midtflø (19). Dei har øvd to gonger på voltige. Dette er ei konkurranseform som er ein mellom-

ting mellom turn og dans på hest i rørsle, der hesten vert ført i sirkel av ein longør. Og det er ikkje berre å klyve på hesten, det skal sjølvsgatt gjerast i fart. I konkurransesammenheng skal hesten galoppere, nybyrjarar plar gjere øvingane medan hesten skritt. Jentene sa seg nøgde med framføringa då Møre snakka med dei.

– Vi har øvd to gonger i løpet av ei veke, ler dei og innrømmer at det er litt skummelt at folk såg på.

– Det er eit samarbeid med hes-



\* Sekkeløp med hest, det var ein av ingrediensane til gymkhana-innslaget. Gymkhana tyder leik til hest, og Randi Mork og Eline Osvoll gir jernet saman med Odin og Botnar.



\* Glad gjeng på rideshow. Frode Kile Kolbjørnsen (6), Ingeborg Kile Ottesen (7), Heidi Margrethe Kile Ottesen (10), Kristian Kile Ottesen (6), Helene Kile Kolbjørnsen (4), Kari Kile og Ragnhild Kile.



\* Barneriding er eit populært tilbod, og køen framfor ridebana vart lang etter at rideshowet var ferdig.

ten, og vi synest han var flink, seier dei om fjordingen Pokemann.

– Vi var spente på korleis dette skulle gå, sidan vi ikkje har gjort det før. Men vi synest det gjekk bra, og vi har lyst til å øve voltige framover, smilar dei. Øvinga slo an hjå publikum med, og spesielt barna gav høgløyd uttrykk for at dei vart imponerte over framvisinga.

#### Hest er best

Showet starta med Svarta, ei dølahoppe på atten år. Ho likar godt å springe laust inne på bana, og denne

gongen fekk ho jamvel bryne seg på hinder. Etterpå bar det til strigling, noko Linnea Eikrem (8) var med på. Ho tok plass på ryggen til Svarta etterpå, og såg ut til å trivast veldig godt til hest.

– Er det ikkje skummelt høgt der oppe, lurer me på.

– Nei da, eg likar hestar. Og eg har ridd før, smiler ho. Det er kjekt å sjå på rideshow, men endå kjekkare å ri sjølv. Og Svarta var no finast, meiner Linnea.

✍ RENATE FURRE HENRIKSEN-SANDVÆR



\* Dølahoppe Svarta (18) likar å springe fritt inne på bana, men ho hadde slett ikkje noko imot å få bryne seg på ei hinderløype heller.

## Ørsting med sterk laginnsats under VM i køyring

Eivind Davik og Amigo Valeur frå Haram vart samla nummer 39 av 77 startande i VM køyring for hest i Ungarn i helga som var. Medhjelpar i konkurransen var Kjell-Martin Standal frå Ørsta. Ekvipasjen enda

totalt med 159,73 straffepoeng. I dressurkøyringa vart dei nummer 48, i maratonkøyringa nummer 47 og i presisjonskøyring nummer 18. Beste norske vart Øyvind Mikkelsen, med ein sensasjonell 8. plass totalt.

Det norske laget enda på ein imponerende 5. plass av 18 etter presisjonskøyringa, etter å ha lege på bronseplass etter dei to fyrste avdelingane.

## Ynskjer bru framfor ny ferjekai



\* I dag er det Høgsfjord som trafikkerer sambandet Volda – Lauvstad.

**- Lauvstad er ein sentral og attraktiv stad å bu på, nettopp fordi vi har ferja som går til Volda sentrum, meiner ein gjeng frå Lauvstad, som vil ha saka om ny ferjekai på Eikrem lagt vekk ein gong for alle.**

Dette går fram i eit brev dei har sendt til Møre og Romsdal fylkeskommune.

– Underskriftslistene som var lagt ved saka er frå 2012, og

mykje har endra seg sidan initiativtakarane gjekk rundt frå hus til hus med desse listene. Det folk skreiv under på var lovnader om utvida opningstid, halvtimes avgangar, ti minuttsoverfart og nattferje. Etter vårt og mange andre på Lauvstad sitt syn, er dette urealistisk å få til. Dette vil gi oss ein lang og kronglete veg for å kome oss til sentrum, og med større transportkostnader. Dei som reiser vil verte avhengige av å ta med bil. Drosje frå Eikrem vil verte dyrt, og vi har lita tru på at det vil verte nok bussavgangar.

Det er svært mange som pendlar utan bil, og korleis skal dei gjere det for å kome seg på skule, eller ta del i aktivitetane i Volda sentrum, som er vårt kommunesenter? spør dei 13 brevskrivarane, og synest at denne saka bør leggjast vekk ein gong for alle.

– Dersom ein skal jobbe for noko, må det vere bru over fjorden, noko som er mykje meir framtidretta enn å bruke mange pengar på ei ny ferjekai som svært mange ikkje ynskjer, slår dei fast.

✍ LIV JORUNN NYHAGEN

### Lokale offshorereiarlag

## Skaper verdiar for ein milliard per månad

**Offshorereiarlag på Sunnmøre skaper verdiar for nesten ein milliard kroner kvar månad. Dette er ein firedobling på ni år. Det går fram av ein fersk rapport som analyseselskapet Menon har utarbeidd på oppdrag frå Midt-Norsk Rederiforening.**

– Menon sin rapport understrekar offshorereiarlaga på Sunnmøre si sentrale rolle som verdiskapar i regionen. Reiarlaga spelar ein stadig viktigare rolle i maritim næring, ein næring som dominerer privat næringsverksemd i regionen, seier Njål Sævik, styreleiar i Midt-Norsk Rederiforening.

Menon-rapporten presenterer nøkkeltal for offshorereiarlaga på Sunnmøre, skildrar bedriftas verksemd og dokumenterer den samfunnsmessige effekten av dykkar verksemd. Rapporten viser at offshorereiarlaga opplever ein sterk vekst både i omsetning, verdiskaping og sysselsetjing. Sidan 2004 har omsetnaden og verdiskapinga nærast firedobla seg, mens sysselsettingen har meir enn tredobla seg. I 2012 omsette næringa for over 15 milliardar og stod bak ein verdiskaping på 10 milliardar. Mengd tilsette i perioden har økt frå 1458 i 2004 til 4707 personar i 2012.

Offshorereiarlaga på Sunnmøre står bak heile 25 prosent av dei norske offshorereiarlaga si verdiskaping og er med det eit viktig

sentrum for slik verksemd i Noreg. Næringa er konsentrert både når det gjelder geografisk spreiding og mengd selskap. Over 90 prosent av verdiskapinga finn stad i sju konsersom er lokalisert i dei tre kommunane Herøy, Ålesund og Ulstein.

Selskapa får brorparten av sine inntekter frå Markedet utanfor Noreg og har ein leiande stilling med sine store og avanserte skip. Selskapa leverer gode økonomiske resultat og spelar ein stadig meir viktig rolle i det lokale næringslivet. Næringa sysselset nærmare 5000 tilsette og skaper store ringverknader for samfunnet både gjennom høge lønnskostnader, høg produktivitet og gjennom kjøp av skip frå lokale verft og utstyr frå lokale leverandørar.